



Villanger & Sønner AS
KNARVIK
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/543 - 18/12466

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
18.04.2018

Dispensasjon frå pbl. §1-8 og trong for tilleggskontroll- gbrnr 215/52 Eidsnes Ytre



Vi viser til utsendt skriv datert 16.04.2018 om krav til tilleggskontroll. Dette skriv erstattar skrivet av 16.04.2018.

Vi har mottatt ny informasjon i saka om juridisk byggegrense mot sjø for området, sjå uttale frå planavdeling, datert 17.04.2018 og som er stadfesta av Geodata den 18.04.2018.

Det er forskjell mellom LNF og LNF-spreidd med bebyggelse. Det er juridisk byggegrense mot sjø som er markert i yttergrensen for området avsett til LNF-spreidd bustadbygging i kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2011-2023 (mørkegrøn farge). Bustaden og tilkomstvegen er vist innafor området LNF-spreidd bustadbygging og vi har lagt til grunn at både bustaden og tilkomstvegen er innafor planføremålet LNF-spreidd. Det er da ikkje naudsynt med dispensasjon frå pbl. §1-8 for verken bustaden og tilkomstvegen. Dykk kan sjå bort frå kravet til nabovarsling i skriv av 16.04.2018.

For LNF-området utanfor plankartet er stipla linje vist som funksjonell strandsone. Funksjonell strandsone er særskilt omsynssone for strandvern, men ikkje juridisk bindande som byggegrense mot sjø.

Juridisk byggegrense mot sjø for planområdet er vist med pil: Funksjonell strandsone er vist med pil:



Fylkesmannen er bedt om å sjå vekk frå oversendt uttale av 14.04.2018.

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

Det føreligg uttale frå Statens Vegvesen i høve endra/utvida bruk av avkøyrse, datert 29.08.2017. Det føreligg uttale frå BOH (Bergen og Omland Havnevesen).

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er opplyst at tilkomstvegen må utbetrast. Lengdeprofil samt nødvendige tverrprofil (ca. kvar 10 meter) av heile tilkomstvegen frå bustad t.o.m. avkøyrse Fylkesvegen må sendast inn. Situasjonkartet må oppdaterast slik at heile tilkomstvegen frå bustad t.o.m. avkøyrse Fylkesvegen bustad vert vist.
2. Kopi av uttale frå BOH (Bergen og Omland Havnevesen) som det vert vist til i oversendingskrivet.
3. I høve ansvarsrettar må følgjande erklæringar sendast inn:
 - UTF-Riving og miljøsanering
(Det kan ikkje søkjast som sjølvbyggjar for riving av eksisterande bustad etter pbl. §20-1 og forskrift om byggesak (SAK10) §6-8.
 - PRO- Grunnarbeid
 - PRO-Plassering
 - PRO- Tømrer og snikkararbeid og ventilasjon
 - PRO-Pipe og Ildsted samt UTF-Pipe og eldstad
 - PRO-Arkitektur tilkomstveg samt UTF-Tilkomstveg

Gjennomføringsplanen må oppdaterast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 15.05.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Uttale Plan gnr 215 bnr 52

Kopi til:

Adrian Nilsen Hauge	Myrdalskogen 15	5118	ULSET
Ragnhild Kartveit Høyland	Myrdalskogen 15	5118	ULSET
Villanger & Sønner AS	KNARVIK	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Villanger & Sønner AS	KNARVIK	5914	ISDALSTØ
-----------------------	---------	------	----------